

# Årsrapport



# Lindås Idrettslag 2018

Årsmøte i LIL, onsdag 6.mars 2019, kl 18.00

## Innhold

1.0 Målsetning for Lindås Idrettslag.....	4
2.0 Årsberetning 2018, styret .....	5
2.1 Samansetjing.....	5
2.2 Styrets arbeid.....	5
2.2.1 Styremøter.....	5
2.2.2 Aktuelle saker .....	5
2.3 Eigendom .....	5
3.0 Medlemstal.....	6
3.1 Oversikt 2018 .....	6
3.2 Medlemsutvikling.....	6
4.0 Årsberetning 2017, gruppene .....	7
4.1 Avdeling 1, Fotballgruppa.....	7
4.1.1 Samansetjing .....	7
4.1.2 Årsberetning .....	7
4.1.3 Jenter 14 .....	8
4.1.4 Jenter 12 .....	9
4.1.5 Gutter 12 .....	10
4.1.6 Gutter 10 .....	10
4.1.7 Gutter 9 .....	11
4.1.8 Jenter 9 .....	12
4.2 Avdeling 2, Trim- / Friidrettsgruppa .....	15
4.2.1 Samansetjing: .....	15
4.2.2 Årsberetning: .....	15
4.3 Avdeling 3, Handballgruppa .....	17
4.3.1 Samansetjing .....	17
4.3.2 Årsberetning .....	17
4.3.3 Damelag 2018.....	18
4.3.4 Jenter 14/15.....	19
4.3.5 Jenter 13 .....	20
4.3.6 Gutter 13 .....	21
4.3.7 Jenter 11 .....	21
4.3.8 Jenter 10 .....	22
4.3.9 Jenter 9 .....	23

# Årsrapport, Lindås idrettslag 2018

4.3.10 Jenter 8 .....	24
4.3.11 Gutter 8 .....	25
4.3.12 Guter6/7 .....	25
4.3.13 Jenter 7 .....	25
4.3.14 Jenter 6 .....	26
4.4 Avdeling 4, Idrettskulegruppa.....	28
4.4.1 Samansetjing .....	28
4.4.2 Årsberetning .....	28
4.5 Avdeling 5, Turngruppen.....	29
4.5.1 Samansetjing .....	29
4.5.2 Årsberetning .....	29
4.6 Avdeling 7, Sykkelgruppen.....	30
4.6.1 Samansetjing .....	30
4.6.2 Årsberetning .....	30
5.0 Økonomi.....	31
5.1 Regnskap 2017 .....	31
5.2 Revisorrapport.....	41
5.3 Budsjett 2019 .....	42
6.0 Handlingsplan 2018 .....	46
6.1 Styret .....	46
6.2 Avdeling 1, Fotball.....	47
6.3 Avdeling 2, Trim-/ Friidrettsgruppa .....	48
6.4 Avdeling 3, Handballgruppa .....	49
6.5 Avdeling 4, Idrettskulegruppa.....	50
6.6 Avdeling 5, Turngruppa .....	50
6.6.1 Dameturn .....	50
6.7 Avdeling 7, Sykkelgruppa .....	50
7.0 Utmerkelser Lindås Idrettslag.....	51

## 1.0 Målsetning for Lindås Idrettslag

Lindås idrettslag har som oppgåve å gje eit totalt idrettstilbod innanfor dei til ein kvar tid gjeldande økonomiske og treningsmessige moglegheiter.

Dette kan skje gjennom eiga arbeid, utvida kontakt med andre lag og organisasjonar i bygda, samt samarbeid med skulen.

Tilbod må leggjast til rette slik at alle kan delta ut frå eigne forutsetningar og behov. Masseidrett gjennom mosjon i alle aldersgrupper er hovudaktiviteten i klubben vår, samtidig må me leggja forholda til rette for konkurranseaktivitetar innanfor ei forsvarleg økonomisk og idrettsleg ramme.

I alle aktivitetane som laget driv, skal det leggjast vekt på ei sosial, helsefremmande og trivselskapande profil.

Denne skal markerast ovanfor politiske myndigheter.

Viser også til klubbhandboka vår, på våre nettsider (<http://lindaas-il.idrettenonline.no/p/30773/klubbhandbok>) som er styrande dokument for klubben. Klubbhandboka skal sikre at det er i samsvar mellom det som er bestemt og det som blir gjort.

## 2.0 Årsberetning 2018, styret

### 2.1 Samansetjing

Leiar: Jan Håland

Nestleiar: Benedikte Fanebust Søreide

Styremedlemmer: Yngve Riise-Wergeland, Anita Langøy-Jørgenvik og Siv Tove Melling

Varamedlemmer: Else M. Kjøs, Anne Marit Risnes .

Valkomité: Berit Fjellsbø, Mette Kyed Thorson

Revisorer: Fra årsmøtet 2018 ble Frode Johnsen valgt som revisorer. Revisor 2 hadde ein då ein ikkje funnet. Årsmøtet gav styret tillatelse til å oppnevne Revisor 2 innen 11.05.2018, eller kjøpe tenesta i 2018. Det blei valgt å kjøpe teneta av Tertnes Rekneskap.

### 2.2 Styrets arbeid

#### 2.2.1 Styremøter

Det er avholdt 10 styremøter i driftsåret 2018.

#### 2.2.2 Aktuelle saker

Styret har i 2018 videreført arbeidet som er gjort foregåande år på å etablere eit godt medlemssystem og rekneskapssamarbeid. Dette har gjort det lettare for oss å ha oversikt, og jobbe systematisk. Det er blant anna utarbeida eit forslag til endra medlemsavgiftssystem. Styret ser at det er eit behov for å gjøre faktureringa enklare, samt å auke inntektene til idrettslaget. Det kjem ei kommunesamanslåing, og me veit ikkje korleis Lindås idrettslag vil bli finansiert av storkommunen. Det er eit behov for å tenke langsiktig, og sikre ein stabil økonomi.

Det er eit ønske frå styret å legge fram ein pakke for årsmøtet der kontingen og medlemsavgift er inkludert. Fordelen med ei slik ordning er forenkling, samt at det kan motivere til å delta i fleire grupper. Bakdelar er at for dei minste gruppene våre vil dette medføre auka kostnad for medlemmer som kun deltek i ei gruppe,

I 2018 har styret også jobba med å få på plass ei gruppe som skal vere pådrivar i oppussing av klubbhuset. Pølsevogna er solgt, slik at det i framtida vil vere klubbhuset som er naturleg samlingsstad. I klubbhuset skal det også vere toalettfasiliteter som kan nyttas under arrangement. 2018 var også året der me jobba vidare med sponsorsamarbeid og sponsoravtalar. Det er vidareført ein samarbeidsavtale med Atleten for innkjøp av utstyr, og me vil i 2019 fortsette arbeidet med å sikre hovudsponsor - samt etablere ein innsalgsplan og prisoversikt for sponsoraktivitetar i laget.

Det har vore to offisielle møter mellom gruppeleiarar og styret i 2018 (i mai og august), noko som er framgang frå 2017, men det er eit uttalt mål at styret ønskjer å ønskjer forbetra dette i 2019. Me har følgt opp arbeidet med sportsplan i handballgruppa, denne blei publisert våren 2018.

### 2.3 Eigendom

Lindås Idrettslag disponerer i dag følgjande i samarbeid med Lindås kommune:

- |                 |                  |
|-----------------|------------------|
| - Grasbana      | - Kunstgrasbana  |
| - Redskapshuset | - Volleyballbana |
| - Klubbhuset    | - Løpebana       |

## 3.0 Medlemstal

### 3.1 Oversikt 2018

Medlemsoversikten må vise aktivitetstal <sup>1</sup>i ulike grupper i laget (eks fotballgruppa, turngruppa osv.). Lagets totale medlemstal <sup>2</sup>må også framkomme.

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	Over 20 år	Barn og unge til og med 19 år	Totalt
Fotball	0	118	50	91	168	259
Trim -Friidrett	0	0	0	26	0	26
Handball	0	140	54	55	199	249
Idrettskule	65	0	0	10	65	75
Gymnastikk og turn	0	0	0	16	0	16
Sykkel	0	0	0	18	0	18
<b>Totalt</b>	<b>94</b>	<b>260</b>	<b>144</b>	<b>180</b>	<b>498</b>	<b>643</b>

### 3.2 Medlemsutvikling

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
<b>Totalt</b>	647	675	636	694	678	643

<sup>1</sup> Med ”aktivitetstall” menes gruppevis oversikt over de medlemmer i idrettslaget som har deltatt i terminfestede konkurranser, aktivt trenet fram mot særforbunds offisielle ferdighetsprøver eller graderinger, aktive barn under 12 år som deltar i gruppens aktiviteter. Det vil si at et medlem kan telles flere ganger for ulike grupper.

<sup>2</sup> Med ”medlem” menes personer som er registrert i idrettslagets medlemsregister og har oppfylt sine forpliktelser overfor idrettslaget. Medlemskap er først gyldig og regnes fra den dag første kontingent er betalt. Hver person skal kun telles én gang i idrettslaget, uansett hvor mange av idrettslaget aktiviteter vedkommende deltar i.

## 4.0 Årsberetning 2017, gruppene

### 4.1 Avdeling 1, Fotballgruppa

#### 4.1.1 Samansetjing

Fotballgruppa har i 2018 vore leia av følgjande gruppe:

Leiar Jonny Titland

Nestleiar FIKS ansvarleg/ medlemsansvarleg Harald Lervåg

Kioskansvarleg Monica Mjanger

Dugnadsansvarleg Isabell Anthonissen Hansen

Økonomiansvarleg Henrik Lindås

Materialforvaltar Ole Daniel Fjellanger

Sportsleg ansvarleg/ A-lags kontakt/ treningsplan

Hjelp med sportsleg oppfølging Yngve Njøten

I tillegg har Me fått hjelp av

Fotballcamp ansvarleg Bjørghild Spjell

Nyttårscup ansvarleg Sølve Leirvåg

#### 4.1.2 Årsberetning

Året starta med Nyttårs-Cup i Lindåshallen. Cupen blei arrangert over fire dagar med både herre og dameklasser. Tradisjon tru ble arrangementet avslutta med bankett på Westland Hotell. Nyttårs-Cupen er eit godt etablert arrangement og ei viktig inntektskjelde for fotballgruppa. Det blei omsetning på ca. 50 000 kr kor ca. halvparten var spelaravgift og resten kiosksal. Det var stort sett fullt på tribunen alle dagar. Styret har fått mykje gode tilbakemeldingar etter arrangementet.

I slutten av august blei Fotball-Camp arrangert for aldersgruppa 10-14 år med mange forskjellige fotballaktiviteter. Fleire spelarar frå G16 og oppover var med som hjelpetrenarar. Campen har eit viktig sosialt aspekt ved sidan av det reint fotballmessige.. I tillegg blir det spelt kamp mot trenarane iført kostyme. På grunn av dårlig vær, blei en del aktivitetar og overnatting flytta inn i Lindåshallen

Kiosken kom tilbake i klubbhuset. Det er kjekkare for dei som skal stå i kiosken som oftast er foreldre og ein kjem nærmare dei som skal handle.

Hovudinntektene i år har vore kontingen, tilskot, inntekter frå nyttårs-cup og dugnader. I tillegg har fotballgruppa i år arrangert eit nyttårslotteri. Salet gjekk over all forventning, og gav gode inntekter til fotballgruppa.

Kiosk inntekter har vore nedadgåande i fleire år, men me trur at dette vil snu med ny kiosk i klubbhuset!

Treningsavgifta er den viktigaste inntektskjelda til Fotballgruppa. Erfaring viser at det er viktig å få ut kontingen så tidleg som mogleg i sesongen

Årsregnskaper for 2018 er ikkje klart i skrivande stund, men ein har heldt seg nokolunde på budsjett / i balanse. Det forventast eit overskudd, men dette er i hovudsak pga. inntektsføring av 2017 LAM midlar i 2018.

Fotballgruppa si økonomi er god, og me har dei siste åra opparbeid oss ein god buffer.

Banemannskapa som vedlikehalde grasbana har lagt ned mykje arbeid og grasbana har vore svært bra denne sesongen. Manglande lysanlegg set grenser for bruk av banen utover hausten. Det meste av aktiviteten har gått på kunstgrasbana, men a-laget har spelt heimekampar på grasbana når det har vert mogleg. Det er enkelte som ikkje klarer å rydde opp etter seg i kjellaren på klubbenhuset. Me har planlagt dugnad i år kor Me skal lage eit betre hyllesystem.

Utan dommarar blir det heller ingen fotballkampar og med dommaransvarleg i spissen gjer dommarane i klubben ein kjempeinnsats. Dei nye dommarane for trena seg med å dømma på miniturneringer som klubben arrangerer. Klubben har 3 autoriserte dommarar der 1 dømmer 5.div og er linjedommar 3. div og 3 dømmer ungdomsfotball. I tillegg har klubben 4 klubbdommarar som dømmer 7er fotball. Me ønsker å prøve på nytt dommarkurs i 2019 for 13-15 åringar.

Lindås er ein breidddeklubb med målsetning om å gje tilbod til alle som ønskjer å spele fotball. I år har me 9 lag i barnefotball, 1 lag i ungdomsfotball og 2 senior lag som alle er påmeldt i sine seriar. I tillegg blei det på hausten starta opp trening for ei stor gruppe gutter og jenter fødd i 2011. Gubbefotball trener og har vore aktive i Lindåshallen og ute på kunstgrasbana store deler av året.

Sesongen blir kvart år avslutta med ein felles avslutning for barnefotballen. Denne blir heldt i november med ungar i alderen 7-12 år. Som vanleg er det I år blei ei økt med øvingar, leik og så premieutdeling og mat på slutten. I tillegg har ungdomslaga og seniorlaga egne avslutningar internt i dei ulike laga.

**Styret:**

Det er viktig at Me klarer å rekruttere nye styremedlemmar til våren. Då helst foreldre blant dei yngre laga.

#### **4.1.3 Jenter 14**

**Trenarar:**

Stian Støldal

Cathrine G. Støldal

**Oppmann:**

Cathrine G. Støldal

**Spelarar:** 11-12 stk.

Antall seriekamper, cup- og turneringer:

14 kamper i serien

Antall treninger pr. uke:

2 treningar per veke.

## Årsrapport, Lindås idrettslag 2018

**Sportslige mål:** Delta i serie og aktuelle cuper. Utvikle fotballferdighet og forståelse. Ha god kvalitet på treningene. Me ønsker at jentene skal få utvikla individuelle ferdigheter samt læra seg samspel på og utanfor bana.

**Sosiale mål:** Me ønskjer at alle skal trives og ha det kjekt på trening og kamp. Alle skal inkluderast og behandlast med respekt.

**Kort om sesongen:**

Våren 2018: Etter å ha vore utan lag ein sesong var det ein del jenter som uttrykte ønske om å starte opp igjen med fotball. Me klarte å stille med eit 7år lag. Me møtte ein del jamne lag som Me klarte å halde følgje med, men det vart ofte stang ut. Me endte opp med 2 uavgjort 3 tap og ein siger.

Hausten 2018: Det kom nye lag til så det vart fleire kamper i haust sesongen. Laget har utvikla seg, men slit med litt skader og ustabilitet på treningane. Me speler jamt mot mange lag, men manglar det vesle ekstra så det ender i tap. Totalt vart det 4 tap, 3 sigere og ein uavgjort i haustsesongen.

Det er ein del jenter som sluttar etter endt sesong så Me klarer ikkje å stille lag neste år. 3 -4 jenter har bestemt seg for å fortsetje med fotball i andre klubber. (Austrheim og NBK)

### 4.1.4 Jenter 12

**Trenarar:** Janne Rabben, Atle Lauvås, Trude Moldøen og Line/Kjetil Seljelid (ein periode på byrjinga av sesongen).

**Lagleiar:** Elbjørg Ness

**Spelarar:** 12 jenter, der to er født 2006 og resten født 2007

**Antall seriekamper, cup og turneringar:**

Sesong 2018 har me spela seriekamper kvar tirsdag, totalt 12 stk. fordelt på vår og haust. Halvparten av kampane har vorte spela på heimebane og dei resterande andre stader i regionen.

Foreldre har delt på kjøring til/frå kampar og dugnad i samband med heimekampane. Jentene har for det meste spela 7ar fotball denne sesongen, med unntak av Knarvik senter cup kor det var 5ar lag.

Me har delteke på Kvernbit cup og Knarvik senter cup.

**Antall treningar pr. veke:**

Ei trening pr. veke frå februar- midten av april (fram til handballsesongen er ferdig), totalt 1,5 time.

To treningar pr. veke frå midten av april og ut sesongen, totalt tre timer.

**Sportslege mål:**

Skape og oppretthalde glede og entusiasme for sporten. Bidra til utvikling og progresjon for laget og for den einskilde spelar.

**Sosiale mål:**

Skape og oppretthalde eit godt miljø i gruppa, at jentene gler seg til trening og kamp, og at dei kjänner på lagfølelsen.

**Kort om sesongen:**

Kjekk sesong med fin utvikling av laget. Stabil spele- og foreldregruppe som alltid stiller opp ved behov for bistand på treningane, kjøring til/frå bortekamp og dugnad i kiosk og på bane under heimekampar.

## Årsrapport, Lindås idrettslag 2018

Oppmann lagar dognadsliste ved starten av kvar sesong slik at alle veit i god tid i forvegen når det er «si» vakt.

Ved sesongstart hadde me usikkerhet knytt til trenar, men dette løyste seg fint ved å danne trenarteam beståande av 3-4 faste foreldre + ein foreldremedhjelpar på treningane og på benken under kampane.

Me har gjennomført to foreldremøter, eit på byrjinga og eit på slutten av sesongen.

### 4.1.5 Gutter 12

#### Trenere:

Jørn Sleire  
Jarle Johannssen

#### Lagledere:

Magne Tresvik

#### Spillere:

Det har vært 11 spelare denne sesongen.

Antall seriekamper, cup og turneringer:

Me spelte vanlig serie, 9'er fotball.

Me har deltatt på følgende cup'ar: Austrheim cup,Lerum Cup og Kvernbit cup

**Antall treninger pr. uke:** 2 treninga per veke.

#### Sportslige mål:

Få til samspele og vinne kamper i serie og cup'ar..

Fortsatt fokus på utvikling av fotballferdigheter og forståelse.

Ha god kvalitet på treningene.

#### Sosiale mål:

Ha det kjekt på trening og kamper. Inkludere alle og alle skal behandle kvarandre med respekt. Håpet er at alle er med vidare i åra som kjem.

#### Kort om sesongen:

Spelt kampane i serien og nokre cup'er.

Fortsatt grei framgang på spelarane og laget. Bra spel og innsats på treningane, dette har dei greidd å ta meir med inn i kampsituasjon denne sesongen. Ca.50-50 , vinn-tap serie/cupar. G11/født 2007 trener fortsatt saman med oss og nokre av dei er fast med på kampane til G12 også, fleire er blitt spurd men har ikkje ønska vera med..

Greitt å kunne vere så mange på trening at ein kan spele 9'er og 11'er kampar på trening.

På treningane ligg me på ca.15-20 spelarar (10,2006 /10,2007) andre aktivitetar og været spela inn på noko av fråværet.

### 4.1.6 Gutter 10

**Trenere:** Espen Rød og Tore Lie

**Hjelptrener:** Roger Olsvik

**Lagleder:** Lise Hodnekvam

### **Spillere:**

Det har vært 15/14 spillere denne sesongen. I løpet av sommeren var det 2 som sluttet og 1 som begynte.

### **Antall seriekamper, cup og turneringer:**

Me spelte seriekamp kvar torsdag. 15 av 16 kamper vart spelt, 1 vart avlyst pga. lyn og torden.

Me har deltatt på Austrheim Cup, Kvernbit Cup og Rema 1000 3x3 Cup. I tillegg vart me med på Bertel O.Steen 3x3 turnering på Tertnes.

### **Antall treningar pr. veke:**

I utgangspunktet 2 treningar pr veke, men da me hadde treningsdager tirsdag og torsdag vart det stort sett 1 trening + kamp.

### **Sportslige mål:**

- Fokus på fair play.
- Få laget til å bruka kvarandre, betre samspel.
- Vinne kamper.

### **Sosiale mål:**

- Ha det kjekt på trening og kamp. Tap og vinn med samme sinn.
- Høre etter og holde fokus på treningene, det kan til tider bli litt diskusjoner om ikke-fotball temaer.
- Vise respekt for trenere og kvarandre.

### **Kort om sesongen:**

Første sesong med seriespill og 7'er fotball. Det har vært jevnt over god oppslutning på både treninger og kamper. Dette vises igjen på framgangen til spillerene, som har blitt flinkere til å bruke kvarandre og hatt god utvikling når det gjeld fotballferdigheter og samspel.

Guttene trivdes godt med større bane og 7'er fotball og vant ca 70% av kampane.

Oppmann har laga kjøre/kiosk-liste, og foreldrene har vært flinke å stille opp/evt bytta seg imellom når det ikke har passa. Foreldrene har også vært flinke og stille som heiagjeng, spesielt på heimekampane. Kiosken fungerte betre når me har den i klubbbhuset, kjekkere å stå i kiosken når man kan følge med på kampen, men på enkeltkamper er det ikke det helt store salget.

Ellers er det ei fin foreldregruppe som er flinke å stille på dugnad.

### **4.1.7 Gutter 9**

#### **Trenere:**

Raymond Johnsen, Andreas Kolås

**Lagleder:**  
Jannike Halsvik

**Spillere:**  
14 spillere  
Sesongen 2018:  
Laget har deltatt på 5 miniturneringer i 2018, ein av disse arrangert på Lindås.  
Av cuper har laget har vore med på Knarvik Senter Cup, Austrheim Cup, Kvernbit Cup,  
Åsane Eat Move Sleep Cup og Manger Cup.  
Av totalt 30 kamper i 2018, er det relativt jevnt fordelt mellom seier, uavgjort og tap.  
Veldig varierende oppmøte til kamp, fra 5 til 14 spillere.  
God lagmoral og til tider veldig bra lagspill.  
Flott foreldregruppe som stiller opp på dugnad og kamper.

Antall treninger pr. uke:  
2 trening per veke.

**Lagmål:**  
Fortsette god progresjon i spillergruppen, både sosialt og fotballmessig.  
Alle skal ha det kjekt på trening og kamp.

Veien videre:  
Fokus på å ha det gøy, samspill og fair play / respekt for med- og motspillere.  
Litt få spillere på trening, hovedsakelig pga andre aktiviteter, viktig å holde på samtlige og helst rekruttere flere.  
7er fotball med seriespill i 2019, spennende å se hvordan spillerne reagerer på dette.  
Torill Sakstad Østebøvik har overtatt som «oppdame».

#### 4.1.8 Jenter 9

**Trenar:** Kyrre Fjellanger og Stian Støldal  
**Oppmann:** Therese Vaktskjold  
**Spelarar:** 16 (to frå 2010, resten frå 2009)

Me har spelt miniturneringar i Nordhordland og me har vert med på Austrheim cup, Kvernbit cup, Eat-Move-Sleep cup og Oddvar Bjelde cup.  
**Antal treningar per veke:** Ei trening i veka fram til november. Etter det har Me hatt ei ekstra trening i gymsalen på ungdomskulen.  
**Sportslege mål:** Ha det gøy på trening og kamp. Inkludere alle. Holde ball i laget med pasningar.  
**Sosiale mål:** Godt miljø i gruppa. Det er flott at det er så mange jenter som vil vere med å spille fotball - Me vil fortsette med å ha det gøy slik at flest mogleg fortsetter, så lenge som mogleg.  
Denne sesongen har me spelt 5-ar fotball i både cupar og miniturneringar.

## Årsrapport, Lindås idrettslag 2018



### 4.1.9 Gutter/Jenter 7

**Trener:** Benjamin Vabø

**Hjelptrener:** Andres Hauge, Magne Tresvik, Torbjørn Sætre

**Lagleder:** Yngve Riise-Wergeland

**Spillere:**

Det har vært 20-25 spillere denne sesongen. Gruppen har vokst og minket, på slutten av sesongen var en kjerne dannet.

**Antall seriekamper, cup og turneringer:**

Ingen seriekamper i 2018, vi deltok på en turnering, Rema 1000 3v3 cup i Knarvik med 5 lag!

**Antall treningar pr. veke:**

Trening hver onsdag 1700-1800.

**Sportslige mål:**

- Lære fotball reglene
- Forstå hva lagspill er
- Øve med ball i beina

**Sosiale mål:**

- Skape følelsen av å være del av en gruppe
- Oppføre seg fint mot hverandre, ha det gøy
- Høre etter og være stille når trener snakker

## Årsrapport, Lindås idrettslag 2018



### Kort om sesongen:

Sesongen var preget av mange spillere på hver trening, framgangen fra vi startet opp på våren til vi avsluttet sesongen på høsten var merkbar! På høsten kom også Benjamin Vabø inn som trener. Benjamin har mye erfaring som trener og mestrer godt oppgaven med å engasjere spillerne i morsomme og lærerike treninger.

Laget fikk delta på Rema 1000 3v3 cup i Nordhordlandshallen i oktober. Da vi var mange spillere kunne vi stille med 5 stk. lag med 3-4 spillere på hvert lag. Alle lagene fikk spille minst 3 kamper hver.

Etter ferdig spilt turnering deltok alle spillerne samlet på medaljeutdeling med lys og musikk.

## 4.2 Avdeling 2, Trim-/ Friidrettsgruppa

### 4.2.1 Samansetjing:

Styret har i 2018 bestått av:

Leiar: Ingvald Gjesdal

Styremedlem: Atle Rød

Styremedlem: Frode Røsland

Styremedlem: Nils Lauvås

### 4.2.2 Årsberetning:

**Mandagstrimmen:** Kontaktperson/trenar: Atle Rød

Dette er hovudaktiviteten i gruppa. Faste trimkveldar kvar mandag frå september til april. Mellom 10 og 15 glade trimmarar, dei fleste "godt vaksne" karar, samlast først til ein løpetur/intervalløkt ute, eventuelt ei økt i styrkerommet. Deretter variert innretning i Lindåshallen med gymnastikk, styrketrening og ballspel. Ei gruppe har også dette året halde det gåande kvar mandag heile sommaren med trimturar i skog og fjell i nærområdet.

**Mininiar** n vart arrangert i samarbeid med Lindås Senter i april. Dette er eit populært arrangement, og i 2018 var det ca. 100 spreke ungar som deltok.

**Dei tradisjonelle arrangementa** Trimkarusellen, Romjulsløpet og Lindås-9arn vart heller ikkje i år arrangert.

**Idrettsmerkeprøver** er arrangert etter planen. Ansvarleg her har vore Nils Lauvås, som har helde dette tilbodet i gang i mange år no. I 2018 var det 7 stk. som tok idrettsmerket. Også her er det heilt sikkert fleire som kunne tenke seg å prøve. Så litt betre marknadsføring hadde nok gjort seg.

**Orientering:** Trimgruppa har i 2018 arrangert eitt orienteringsløp med 32 deltakrarar på Vabø. Kontaktpersonar for orientering er John Jørgenvik og Ingvald Gjesdal.

**Tur- og Topptrimmen:** Tur- og topptrimmen er ein populær aktivitet: i sesongen som vart avslutta 30.april 2018, vart det registrert i overkant av 38000 besök på dei 6 toppane Kolås fjellet, Lauvås varden, Hellestveit nova, Skausnøya og Selivarden. Dei siste 10 åra har antall registrert besök dobla seg, spesielt på dei toppane Håkon Vabø og dugnadsgjengen hans har jobba med stiane.

Sesongen går frå 1. mai til 30. april året etter.

**Turkortgruppa:** Kontaktperson: Renate Rebnord Matre.

Eldsjela Renate ynskte i 2016 å vidareføre arbeidet ho har drive på Myking, med klippekort og «sakser» på ulike turmål i lokalområdet. Det vart i 2015 beslutta å organisera dette under Trimgruppa. Denne aktiviteten har vore gjennomført også i 2018. Turkorta var til sals i Lindåshallen, Lindås Bensin & Service og Molly Me i Senteret.

## Årsrapport, Lindås idrettslag 2018

**«Styrketreningsgruppa» i Trimrommet.** Det vart i 2016 etablert ei eiga undergruppe under Trim, der ein del «godt vaksne» karar driv styrketrening i Lindåshallen. Denne aktiviteten har halde fram i 2018. Trimrommet i 2.etg i Lindåshallen er no eit velutstyrt trimrom med mykje bra utstyr, både nytt og noko brukta utstyr. Rommet har i 2018 vert i bruk 2 dagar i veka frå august til mai. Heile tida mandager og torsdager, frå kl. 18:30 til 20:00. Oppmøte har jamt over vore 6 – 7 personar. Av utstyr er der: mange syklar, fleire tredemøller, mange vekter og div utstyr for både mage, rygg, lår og legg. Noko av utstyret i trimrommet er kjøpt av Lindås IL og av Lindås Turlag.

For trim-/friidrettsgruppa;

Ingvald Gjesdal

Februar 2019

## 4.3 Avdeling 3, Handballgruppa

### 4.3.1 Samansetjing

Styret i handballgruppa frå 2018-2019

Leiar	Kristin Nesbø
Økonomiansvarleg	Gerd Mari Fonnes
Sportsleg ansvarleg	Roald Solen
Medlemsansvarleg	Jane Feste
Arrangementsansvarleg	Nina Myster (vår 2018)
Medlem	Kurt Idar Igland (frå hausten 2018)
Medlem	Hanne Bertheussen (frå hausten 2018)

Vår 2018 var Nina Myster arrangementsansvarleg, og hausten 2018 har oppgåva vore utført av Gerd Mari. Økonomiansvarleg inngår i økonomigruppa i LIL. Roald Solen er materialforvaltar.

### 4.3.2 Årsberetning

Styret i handballgruppa har hatt 6 gruppemøter i 2018, fordelt på 3 i vår halvåret og 3 på hausten.

04.04.18 hadde Me møte for trenar og oppmenn, med godt oppmøte, så og si alle lag var representert. Leiar informerte om spilltilbodet for neste år, økonomi, dugnad etc.

Kristin har delteke på møte hos Region Vest om spilltilbodet i mars 2018, møte med styret i Lindås IL 28.5. og 29.8 og Region Vest, møteplass, onsdag 12.9

Jane Feste har deltok på arrangørsmøte for Minihandball 3.10.

Lageret i hallen vart rydda av styret i januar 2018.

Våren 2018 deltok Me i prosjektet Klubbhus. 13. februar hadde Me besøk av klubbveileder og gikk gjennom modulen Frivillighet.

Siden 2014 har handballavslutning vært lagt til en onsdag i april/mai og i 2018 var den 25. april.

Me har jobba for å få trenarkurs til Lindåshallen og kursa vart gjennomført 18.12 (modul 1 og 2) og 15.4 (modul 3 og 4) med ca. 10 deltakarar, derav 8 frå Lindås.

Oppstartsmøte for trenere og oppmenn onsdag 22.08.18

Sesongen 2018/19 har Me ein dommar i gruppa vår. Lena Grimstad. Ho har dømt 10/11 års lag dei siste sesongane. Hausten 2018 tok ho Dommar 1 kurs og er klar for å dømme eldre lag våren 2019.

Damelaget stiller som barnekampledere på minihandballarrangementa våre og hausten 2018 hadde Me derfor kurs i Lindåshallen.

I november 2018 var det 30 år sidan handballgruppa i Lindås vart starta opp (12.11.1988) og i den anledning inviterte Me til Klubbutviklingskveld. Paal Teodor Lilletvedt og Hans Petter Andersen frå Region Vest losa oss gjennom ei lita klubbanalyse. Gerd Mari heidra Roald som var med og starta gruppa i 1988 og saman mimra dei litt attende til den første tida med handball i Lindås. Då var det trening i gymsalen på skulen og mål vart teikna med kritt på veggen. Heimebane var på Åstveit, seinare på Radøy og Mongstad før Lindåshallen opna. Det starta opp med to lag og 30 år seinare har handballgruppa ca. 200 medlemmer.

## Årsrapport, Lindås idrettslag 2018

I 2018 har Me hatt 12 heimearrangement fordelt på 6 vår og 6 haust. Hausten 2018 har Me dessutan hatt mange enkeltkamper i treningsstida laga. Eit av arrangementa hausten 2018 var 10 års runde i Nordhordlandshallen. På dette arrangementet hadde Knarvik kiosk mens Me hadde kampgjennomføringa.

3. februar, 10. mars og 27. oktober hadde Me minihandballarrangement.

8 lag påmeldt til serien for sesongen 2018/2019:

Damelag 5. og 6. div

J15	J13	J11
J14	G13	J10

Hausten 2018 – hadde Me 12 lag påmeldt i minihandball

J 6 - 2 lag	J 8 - 3 lag	G9 - 1 lag
G7 - 1 lag	G 8 - 1 lag	
J 7 - 2 lag	J 9 - 2 lag	

Kristin Nesbø 26. januar 2019

### 4.3.3 Damelag 2018

Trenar: Raymond Hagen

Oppmann: Jeanett Steinsland

6 divisjon : Me har fått mange yngre spelalar opp og en del andre nye spelalar.

Spelalar: 14 stk.

5 divisjonslaget har gode sjansar for å rykke opp i 4. divisjon og heldt motet oppe resten av sesongen.

Som vanlig hadde me ansvar for minihåndballturneringene. Dette synest me er kjekt og sosialt. Har også fått fleire på dommerlista og fleire tør å bidra der.

5. divisjonslaget vant Park hotell cup i april og fekk gullet med seg heim!

Me var også med til Førdecup men fekk ikkje nok godt plassering der på nokon av laga.  
Dette blir nok siste tur opp der for oss.



Ellers har me fått brukt bonusen hos Atleten på nye Lindås Hettegensere og oppvarmingstrøyer før kamp til begge laga.

Me har også fått ny trenar : Raymond Hagen og trives med det. Jeanett hjelper til når Raymond ikkje kan stille.

Me gleder oss til minihåndball og cuper i vente. Drømmen er ein cup i varmere strøk og selfølgelig opprykk i 4.divisjon!

Me har hatt en del skader denne sesongen og håper på å prøve å få til litt meir forebyggende trening :)

#### 4.3.4 Jenter 14/15

Trenere: Atle G. Lauvås, Terje Pedersen og Guri Fjellanger

Oppmann: Monica B. Sleire

Spillere: 21 jenter (16 frå 2004 og 5 frå 2005)

**Treninger:** Har trening to dager i veka, tirsdag & torsdag. I tillegg tilbud om styrketrening mandager v/Gerd Mari Fonnes.

**Serie og cuper:** På vårsesongen spelte 2003 jentene sammen med 2002 jentene på J15 lag, 2004 jentene spelte i J13. Frå hausten har me meldt på eit J14 lag og ein J15 lag, begge lag i B-serien. Begge lag har var med på Førdecup, J14 fekk med seg bronsepokal heimatt ☺

**Sportslege mål:** Målet er at jentene får utvikla individuelle ferdigheter samt læra seg samspel på og utanfor bana. Me tilstreber at dei både får delta i kamper der dei kan hevda seg men også at dei skal møta sterkt motstand og såleis utvikla seg. Det er varierande motstand i serien som kan vera utfordrande men det gjer også at me får prøvd å spela mot veldig forskjellig sportsleg motstand. Sia me har to lag har me også moglegheita til at 2004 jentene får prøvd seg mot tøffare motstand i J15 serien. Vårt mål er i all hovudsak å tilby eit breiddetilbod slik at flest mogleg av jentene skal fortsetta på handball.

**Sosiale mål:** Me er heldig som har fått behalda så mange av jentene på handball og det er målet vårt å behalda alle saman så lenge som mogeleg. Me ønsker at jentene skal trivast på trening og kamp samtidig som dei må ta ansvar for egen læring ved å høra etter når det blir gitt beskjeder og instruksjoner samt å forsøka etter beste evne på øvelsane me kjører.

#### Oppsummering av sesongane:

**Våren 2018:** Ein fin gjeng som er kjempeivrige å komma på trening. God innsats i kampane. Me vinn dei fleste kampane for J13 laget men møter adskillig tøffare i J15.

**Hausten 2018 :** Starta sesongen i august. Me trenar no saman med 2003 jentene og det er ein stor gjeng på trening med dei fordeler og ulemper dette gir.

Me har også nokre jenter som kun trener ein gong i veka på grunn av andre aktivitetar, men dette må me få til slik at alle som vil spele handball får vere med.

Me gjennomfører nokre treningar før Førdecup, der to lag er påmeldt. Begge laga klarde seg kjempegodt. J15 laget tapte bronsefinalen mens J14 laget vann sin bronsefinale så dei fekk ta med seg pokal heim til Lindåshallen ☺



Alle jentene koste seg med håndballkamper og det sosiale rundt.

Me har kun meldt på eit lag for J14 i serien (i B-puljen) og jentene rullerer på å stå over kamp slik at ingen må sitja mykje på benken.

I serien i haust har jentene gjort det bra. Det er kjekt å sjå for ei flott utvikling dei har hatt og kor gode dei er på samspel og å gjera kvarandre gode

Trenarar for jenter 2003 og 2004 Atle, Terje, Guri og oppmann Monica

#### 4.3.5 Jenter 13

Hovudtrenar: Roald Solen

Hjelpetrenar: Charlotte F Søreide/ foreldre.

Trening: Me har to treningsdager i uken, mandag og torsdag.

På trening har Me hatt fokus på angrep, skudd, fint, kast og mottak og ikke minst forsvarstrening. Jentene er blitt svært tøffe i forsvar.

De etter godt bakover, noe som gjenspeiler seg i resultat på kamp.

Jentene ligger godt an til å vinne puljen sin og spille sluttspill i mars.

Roald har hatt hovedansvaret for treningene, Me mangler en

hjelptrener, og har derfor laget en foreldreliste som Me rullerer på.

Sosialt: Me var en god gjeng jenter og foreldre som hadde en kjekk tur til Førde. Det var en fin cup, og en god opplevelse for jentene og trenerne.

Jentene har hatt ett kjekssalg til finansiering av Cup i 2019. Der har Me fått inn en god del penger, målet er et nytt kjekssalg til våren.

Me satser på ny Førde tur i september

I desember hadde Me en sosial samling med pepperkakehus pynting



og pizza kos. Me har en visjon om å samle jentene både innenfor og utenfor handballarenaen, dette for å styrke det sosiale samholdet i gruppa. Me håper at 2019 vil gi oss flere sosiale tilstellinger som; cup, overnatting i hallen, kino og pizza kveld

#### 4.3.6 Gutter 13

Trener vår: Janne C Rabben og Dagfinn Ånneland  
Trenere høst: Torleiv Skjerven og Dagfinn Ånneland  
Oppmann høst: Charlotte Nordahl Grimstad  
Treningstider høst: Mandag 15.30 – 17.00 og onsdag 19.30 – 21.00

Dette fungere veldig bra for guttene, foreldre og trenere!

##### Vår 2018:

Da var det få spillere på laget, og en var veldig sårbar når det kom til kamp. Guttene er en ivrig gjeng som trives godt sammen sosialt, utfordringen er at det er stor forskjell på guttene ifht til vekst, modning og erfaring! Janne C Rabben har vært en trofast, ivrig og god trener for guttene i mange år. Ho gav seg som trener for guttene sommeren 18. Tusen takk Janne for alle timene du har investert i guttene J

##### Høst 2018:

Me var heldig at Dagfinn Ånneland og Torleiv Skjerven har tatt på seg å trenere guttene. De har gjort en kjempe innsats. Det er godt oppmøte på treningen, og de øver på ulike teknikker og strategier for å bli bedre i håndball. Guttene har hatt en stor fremgang, og da spesielt i forsvar!

Spillere og foreldregruppa har sammen klart å rekruttere flere spiller til laget, så nå består de av 17 gutter! Veldig kjekt!

Guttene spillet innledende runder i september og ble delt inn i grupper etter plassering fra disse kampene. Dette har gjort at guttene er kommet i en gruppe med lag som er jevn med våre gutter. Veldig positivt!

Me har deltatt på Førde cup høsten 2018 og skal på Kongeparken cup mai 2019. Målet er cup i Barcelona i 2020, og her har foreldrene iverksatt ulike tiltak for å sikre kapital til å dekke utgiftene til denne!

Foreldregruppa er positiv og lett å få med. De stiller på dugnad, kjøring og Me har fordelt ansvar for gjennomføring av sosiale samlinger for guttene. I høst hadde Me tacokveld med leker og nå i vinter var de på trampolineparken. Det blir også en sosial samling til sommeren.

Me har et stort ønske om å få bortedrakter og vester med nummer på, så her har Me sendt inn søker til ulike fond/bedrifter – så håper Me på lykketreff.

En super guttegjeng med mye glede og humør, og tilbakemeldinger fra nye spillere er at guttene er god på å inkludere på og av banen!

#### 4.3.7 Jenter 11

Trenarar: Rune Løvoll og Catharina Sørensen Lauvås

Oppmann: Elbjørg Ness

## Årsrapport, Lindås idrettslag 2018

Denne sesongen er lagets andre på stor bane og laget er i flott utvikling. Trenarane, Rune Løvoll og Catharina Sørensen- Lauvås, og jentene speler og trener godt saman og er eit velfungerande team.

Laget trener fast mandag og onsdag, tilsaman tre timer pr. veke. Jentene lærer stadig nokon nytt som dei imponerer med på kampane.



Dei fleste treningane er i hallen, men innimellom, når været tilseier det, tek trenarane jentene med til feks Kolåstoppen, Sundsbøvarden eller Haukåsskolten.

Ein fast tradisjon som er etablert er juleavslutning, som består av kamp mellom foreldre og jentene etterfulgt av felles kvelds og kjekk prat. Grunna ein meir hektisk desember enn vanleg flytta me arrangementet til januar og fekk med det ein flott start på det nye året!

### 4.3.8 Jenter 10

Trenar: Karina Riise-Wergeland

Oppmann: Hanne Seljelid

Laget: 15 jenter har møtt fast til treningane kvar torsdag kl. 1530-1700 heile hausten igjennom.

## Årsrapport, Lindås idrettslag 2018

Det er ein kjekk og aktiv gjeng jenter som er på treningane og alle er ivrige etter å spele og å lære.

### Hovudfokus:

- tid med eigen ball, slik at jentene lærer meistring med kast, mottak, stussing og eigen kropp.
- trening på kast og spel.

### Turneringane:

Lindås jenter 10 år begynte i haust med handball på stor bane. Jentene har fått meir spesifikke roller på bana, men Me rullerer framleis, slik at alle kan spele på ulike posisjoner. Det er 4 jenter som deler på å stå i mål, og som spesielt trener på dette. Kven som spelar i lag, varierer frå ei turnering til ei anna. Jentene er veldig flinke, men Me ser at laga Me møter òg vert flinkare, slik at Me må heim og øve.

Foreldre, trenrarar og jentene ser fram til kjekke treningar og turneringar framover. Handball er kjekt og jentene er flinke! Heia Lindås jenter 2008!! :-)



### 4.3.9 Jenter 9

Me er et trenerteam på 2- Roger Fjellsbø og Nina Tresvik. Roald Solen har prøvd å være innom å hjelpe til med håndballtreningene 2 ganger i måneden.

Oppmann er Anniken O. Sylta.

Jenter 9 er en kjekk og lærevillig gjeng på 14 spillere fra Skodvin-, Myking-, Lindås-, og Kaland skolekrets. Dette året har Me hatt påmeldt 2 lag i øvd klasse i minihåndballen. Kretsen har en prøveordning der Me har spilt kortbanehåndball på  $\frac{3}{4}$  banelengde. Overgangen fra minibane har gått veldig fint. Jentene var modne for større utfordringer etter å ha spilt på minibane i 3 sesonger nå. Me har hatt gode resultater og mange seire. Jentene har hatt fin utvikling og tør å prøve ut det Me trener på i kamper. De har fått mye

## Årsrapport, Lindås idrettslag 2018

spilletid. Treningene består av mye lek og noe øving av ferdigheter. Me trener på ¾ bane 1 dag i uken i 1 ½ time. Det er kommet 4 nye spillere denne sesongen, noe Me er veldig glade for!



Treningstidene har vært og er, tirsdager klokken 17-18.30.

### 4.3.10 Jenter 8

Trenarar: Eli Sletten Solsvik og Anette Wergeland

Oppmann: Annveig K. Michelsen

Spelarar: Me har 18 trenings-glade jenter .

#### Trening - Hovudfokus:

På treninga har me fokus på angrep, forsvar, samspel på bana og dei forskjellige arbeidsområda. Gjennombrot, fint, hopp, stegskudd og bevegelsesretninger er også fokusområde.

Me trenar på enkle målvaktprinsipp, samt koordinasjon, styrke, balanse og ballkontroll.  
Me har også fokus på å bli generelt tøffare både i angrep og i forsvar.

#### Turnering:

Våren 2018 hadde me 2 lag påmeldt i mini handball-turneringa, med mange spelarar melde me derfor på 3 lag på hausten. Alle jentene får no mykje og god speletid.

Me ser flott framgang på alle område og dei er blitt flinkare til å forstå reglar.

På turneringa møter me mange tøffe lag, og jentene har fått erfare både låsing og frikast denne hausten.

Dette lærer dei mykje av og dei begynner å bli tøffare tilbake.

Me har ein kjempeflott gjeng som me kosar oss saman med.

#### **4.3.11 Gutter 8**

Trenere: Hanne Haukås og Benedicte Fanebust.

Faste hjelptrenere: Heidi Andvik og Unni Davidsen.

Oppmann: Helene Vabø

Gutar 8 (2010) består av 17 ivrige og livlige energibuntar, som trener kvar tirsdag frå 17-18.

Gutane er påmeldte miniturneringer med eit lag i guitar 8 og eit lag i guitar 9. Frå nyttår er me påmeldt enda eit lag med guitar 8. Me har slått oss sammen med 3-4 gutter frå guitar 9 da dei var for få igjen til å fylle eit lag. Det blir mange handballkampar og stor aktivitet! Noko det verker som gutane liker. Bevegelses glede, allsidigheit, grunnleggande handballferdigheter og glede i fellesskapet er det Me jobbar for. For å utvikle gode handballferdigheter, er det viktig at kvart barn får mykje i bevegelse med ball og stå lite i kø. Ved leikar og spel som inkluderer kast og mottak, deler Me borna i mindre grupper, slik at kvar gut får mange ballkontrollar i kvar øvelse.

Mange herlige guitar, som ynskjer det beste for seg sjølv og lagkameratar, sjølv om det innimellom kan være vanskeleg å følga opp i praksis. Men Me øver og vert stadig betre! Med god hjelp frå foreldre på treningar får me bedre tid med kvert barn.

I høst fekk gutane vere innløparar for elitelaget Fyllingen når dei spelte kamp mot Bekkelaget, som var stor stas.

#### **4.3.12 Guter6/7**

Trenarar: Silje Beate Søreide og Annika Rognsvåg

Oppmann: Helene Vabø

Gutar 6/7 starta opp høsten 2018 og trener kver mandag fra 17-18. Dei har hatt stor framgang og spelte allerede 3 miniturneringer før jul og er klar for fleire no på nyåret. Fokus på treingene er å lære seg grunnleggende regler og ballhåndtering men først og fremst skal det vere kjekt for alle og det er masse leik og moro.

Dei er 12 gutter fra Hundvin, Myking og Lindås med masse energi og pågangsmot.

#### **4.3.13 Jenter 7**

Trenarar: Jeanette Steinsland og Randi Sletten Flæsland

Oppmann: Silje Skjerve

Jentene fortsetter den gode innsatsen i håndball som i fjor.

Dei har lært mykje og blir endå tryggare på ballen.

## Årsrapport, Lindås idrettslag 2018

Me har reist rundt på minihåndballturneringene og dette har vært kjekt. Sjøl om der e umenneskelig tidlig nokon ganger :) kamp er jentenes høydepunkt uten tvil.

Jeanett vant drakter fra coop i begynnelsen av sesongen. Dette gjorde også Kristin . Dei fekk då utdelt drakter til J7 og j6/g6

Jeanett har vunnet nytt draktsett til jentene fra BKK . Denne gangen fult sett!

Me gleder oss til resten av sesongene - men savner heimekamper! Det hadde ikkje me i fjar heller.

Me har mistet ett par spelare . Eg får inntrykk av at det e pga den lange reisen og de tidlige tidspunktene. - så heimekamp for å få opp piffen hadde nok gjort susen :)



### 4.3.14 Jenter 6

Trenarar: Andrine Vangberg og Marion Natås

Oppmann/ Lagleiar: Lene F. Sylta.

J6 starta opp treningane sine i September. Det var stort frammøte, og 14 jenter har møtt fast på treningane gjennom hausten. Jentene var med på to minihåndballturneringar hausten 2018. Sidan det er så mange med så er det meldt på to lag. Lindås, og Lindås Gul. I haust har det vore ein rulleringsplan der to foreldre har vore med som hjelparar på treningane. Alle foreldre har stilt opp.

## Årsrapport, Lindås idrettslag 2018

